



Arkivnr: 2018/14531-3

Saksbehandlar: Gunhild Raddum

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		27.11.2018

MC-forum - planer for arbeidet og finansiering**Samandrag**

Norges Motorsykkel Union (NMCU) er ein interesseorganisasjon for motorsyklistar med stort fokus på trafikktrykkleik. MC-forum er eit etablert samarbeidsforum mellom NMCU Hordaland Statens vegvesen, politiet og Hordaland fylkeskommune. Gjennom hausten 2018 har arbeidet formalisert seg gjennom faste møter og planlegging av aktivitetar for 2019. I tillegg vil det være behov for å gå til anskaffing av materiell og «give-aways». MC-forum søker om kr 100 000,- totalt av FTU sitt årsbudsjett for 2019 til gjennomføring av arrangement og anskaffing av naudsynt materiell og utstyr.

Økonomi: Det vert søkt om kr 100 000,- årleg til finansiering av ulike tiltak.

Klima: Ikke relevant

Folkehelse: 0-visjonen er det overordna målet. Fokus på trafikktryggleik gjennom informasjon og arrangement retta mot MC- og mopedførarar er sentralt for arbeidet til MC-Forum.

Regional planstrategi: Arbeid med tiltak for auka trafikktryggleik og reduksjon av skadde og drepne i trafikken er ein viktig oppgåve for fylkeskommunen.

Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet vurderer trafikktryggleik for motorsyklistar som eit viktig satsingsområde og sett av kr 100 000,- på budsjettet til målretta arbeid for denne trafikantgruppa.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 12.11.2018

Bakgrunn

MC-førerar er langt meir utsett i trafikken enn bilførerar. Motorsyklar utgjer 5 % av køyretøybestanden, men er innblanda i 20% av dødsulykkene. MC-ulykkene har ofte ein høg skadegrad og i aldersgruppa 15-17 år dominerer mopedulykkene. Difor er det også viktig å ha fokus på ungdom og trafikktryggleik i MC-Forum.

I arbeidet med 0-visjonen har det vore jamleg stort fokus på trafikktryggleik for ulike trafikantgrupper, men tiltak retta mot motorsyklistar og mopedistar har ikkje vore via tilstrekkeleg merksemd. Dette er i ferd med å snu, og NMCU og Statens vegvesen har inngått avtale om å saman arbeide for å få ned ulykkestala. Satsinga er også nedfelt i *Nasjonal strategi for MC og moped 2018-2021*. Etablering av MC-Forum er ein del av dette samarbeidet, og i dag har 15 fylker etablert eit slikt samarbeidsforum. Hordaland fylkeskommune har delteke i MC-Forum Hordaland siste halvåret 2018.

Kort om MC-forum

NMCU er ein politisk uavhengig nasjonal interesseorganisasjon for motorsyklistar som legg stor vekt på trafikktryggleik i sitt arbeid. Gjennom MC-Forum får ein eit bredt samarbeid mellom ein viktig og relevant interesseorganisasjon og ulike offentlege instansar med ansvar for trafikktryggleik. Satsingsområdet for MC-Forum vil vere todelt. Det handlar både om bevisstgjering av den einskilde sjåfør, samt korleis trafikktryggleik for motorsyklistar vert påverka av vegutforming, drift og vedlikehald.

Gjennom arrangement og kampanjar vil MC-Forum kome i dialog med MC-og mopedførarar for å informere om tryggleik og utstyr, tilby gratis sjekk av køyretøy, dele ut refleksar med meir.

Det er også viktig å etablere ei forståing for korleis dei einskilde etatane i sitt arbeid kan bidra til auka tryggleik for motorsyklistar. Dette gjeld til dømes HFK som vegeigar og Statens vegvesen som ansvarleg for drift og vedlikehald. Fokus på trygge vegtilhøve for MC-førarar er grunnleggande i arbeidet for å redusere talet på drepne og skadde motorsyklistar. NMCU har på sine nettsider eit eige skjema for innmelding av veger og vegtilhøve som er farleg for trafikkstryggleiken: <https://nmcu.org/veifelleskjema/>

Her kan det til dømes meldast om behov for feiring av veg, hull og kantar som må utbetras og behov for varselskilt. NMCU-kontoret i Moss fører logg over alle rapporterte vegfeller.

Planer for vidare arbeid

I august 2018 hadde det nyoppretta MC-Forum i Hordaland møte med MC-Forum i Vestfold. Målet for møtet var utveksling av idear og planer, og hauste erfaringar frå arbeidet som har vore gjort i Vestfold der MC-Forum har vore aktiv sidan 2012. For MC-Forum Hordaland var det lærerikt å få innspel til konkrete tiltak som kan bidra til auka merksemd og tiltak for å betre trafikktryggleike til motorsyklistane. MC-Forum Vestfold har til dømes gjennomført fleire arrangement og sykkelveginspeksjonar.

MC-Forum Hordaland hadde sitt første oppstartsmøte i februar i 2018, og gjennomførte i april ein TS-inspeksjon i Øygarden. Rapport frå denne inspeksjonen er lagt ved for å gi eit bilet på korleis vegtilhøve og tiltak for utbetingar kan gjøre det tryggare å ferdast som motorsyklist på vegnettet i Hordaland. MC-Forum ser slike inspeksjonar viktig, og vil arbeide for å gjennomføre slike inspeksjonar på andre aktuelle vegstrekningar. Det vil også være aktuelt å nytte data som er innmeldt i «veifelleskjemaet» til å kartlegge vegstrekningar med særskilt behov for enkle tiltak og utbetingar.

Vidare er det planlagt å gjennomføre ein MC-trafikktryggleiksdag på Eikås motorsenter den 4. mai 2019. Alle MC-og mopedførarar vil være velkommen denne dagen, både kvardagssyklistar og dei som tilhøyrar ein MC-klubb. MC-Forum har avtale om å leie baneanlegget denne dagen og vil legge opp til rådgiving og test av førareigenskaper under trygge tilhøve. Vidare vil vi invitere aktuelle samarbeidspartnare til å ha

stand der dei besøkande kan få råd om utstyr, vedlikehald av motorsykkel med meir. Det vert jobba vidare med planlegging av detaljane for denne dagen.

Fylkesrådmannen sin tilråding

Fylkesrådmannen meiner samarbeidet gjennom MC-Forum har ein viktig funksjon for å synleggjere og formalisere arbeidet med trafikktryggleiken for dei som ferdast på motorsykkel og moped. Gjennom eit slikt samarbeid forpliktar partane seg til å delta på ulike arrangement og kampanjar, samstundes som deltaking i MC-Forum vil bidra til bevisstgjering av korleis eigen organisasjon kan arbeide med trafikktryggleik for denne trafikantgruppe. Som veigeigar har fylkeskommunen eit særskilt ansvar for trygg ferdsel for alle trafikantgrupper langs fylkesvegane. I arbeidet gjennom MC-Forum vil fylkeskommunen bidra til tryggare vegar for ein utsett trafikantgruppe som bør viast større merksemd i arbeidet med trafikktryggleik. Fylkesrådmannen rår til å sette av kr 100 000,- på TFU sitt budsjett for 2019 til innkjøp av naudsynt materiell og gjennomføring av planlagde arrangement.